



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Barnevern- konferansen 2015



**Kva rører seg i
barnevernet i 2015?**

*I samarbeid med Høgskulen i Volda,
Norsk barnevernlederorganisasjon
(NOBO), Regionalt kunnskapssenter om
barn og unge (RKBU Midt-Norge) og FO*

*Tirsdag 29.09. – torsdag 01.10. 2015
Union hotell - Geiranger*

Program

Tirsdag 29. september	
1200 – 1300	Lunsj
1300 – 1315	Kulturinnslag
1315 – 1345	Opning v/statssekretær Kai-Morten Terning
1345 – 1400	Pause
1400 - 1600	“Mitt Liv” v/barnevernproffane og Ålesund kommune – samarbeid om å vidareutvikle barnevernet
1600 - 1615	Pause
1615 – 1700	Nanna Sønnichsen Kayed: Psykisk helse hos barn og unge i barneverninstitusjonar
2000	Middag

Onsdag 30. September	
0800 - 0900	Frukost
0900 – 1100	Judith van der Weele: Korleis kan vi kvalitetssikre barnevernsarbeidet i minoritetsfamiliar?
1100 – 1115	Pause
1115 – 1300	Øivin Christiansen: Systematikk i barnevernets undersøkingarbeid
1300 – 1400	Lunsj
1400 – 1445	Aud-Keila Bendiksen Kjær: Evaluering av Kvellos utredningsmal i barnevernundersøkingar
1445 – 1500	Pause
1500 – 1700	Fagtema – paralelle seksjonar
	<p>Fagtema A Fleirkulturelt barnevern – arbeid med familievald v/Judith van der Weele og Hallingdal barnevern: Mange barneverntenester brukar Klemetsrudsmodellen i arbeidet med valdssaker, også i minoritetsfamiliar. Modellen er utvikla i ein bydel i Oslo for arbeid med vald i nære relasjonar. Den skisserer korleis barnevernet kan arbeide i ulike typar familievaldssaker. Hallingdal barnevernteneste har vidareutvikla og tilpassa modellen til lokale forhold og presenterer sine erfaringar.</p>
	<p>Fagtema B Merkantile fagtema:</p> <ul style="list-style-type: none">- Bufetat presenterer regelverk og arbeid med refusjonssaker- Kontorfagleg personale fortel om sine arbeidsoppgåver, frå ei stor og ei lita barnevernteneste <p>Drøfting av felles utfordringar</p>
	<p>Fagtema C Evaluering av hjelpetiltak v/ Øivin Christiansen. Barnevernets hjelpetiltak – kva seier forskinga? Presentasjon av resultatata frå eit nyleg avslutta forskingsprogram om hjelpetiltak i barnevernet.</p>

	<p>Fagtema D</p> <p>Henlegging av meldingar. Aud-Keila Bendiksen Kjær tek utgangspunkt i si undersøking av praksis når barneverntenesta henlegg meldingar om vald og overgrep. Kva vurderingar og beslutningar blir gjort i desse sakene?</p>
2000	Middag

Torsdag 1. oktober	
0800 – 0900	Frukost
0900 – 0930	Anita Sæther Jensen: presenterer si masteroppgåve om akutte vurderingar i barnevernet
0930 – 1015	Tonje Steen og Ellen Galaasen: Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet si nye rolle som direktorat for kommunalt barnevern
1015 – 1130	Bente Hasle: Foreldre – ein gløymd ressurs i psykisk helsevern for barn og unge?
1130 – 1230	Egil Arne Standal: Beslutningar i barnevernet og jussen – betraktningar
1230 – 1300	Avslutning med Divaen og reservedoktoren
1300	Lunsj - avreise

Om foredraga og fagtema:

Forandringsfabrikken sine barnevernsproffar er etter mange besøk godt kjente i Møre og Romsdal. Dei har som mål å bidra til vidareutvikling av barnevernet gjennom å dele eigne erfaringar med tilsette i praksisfeltet. Prosjekt "Mitt Liv" har som målsetting å betre samarbeidet mellom barn og unge og barnevernet. Fleire kommunar, mellom anna Ålesund deltek i prosjektet. Dei vil saman fortelje om forbetningsarbeid i praksis.

Nanna Sønnichsen Kayed er PhD i psykologi ved RKBV Midt-Norge og har nyleg lagt fram forskning om psykisk

helse hos barn og unge i barneverninstitusjonar. 400 barn og unge i alderen 12-20 år på ulike institsjonar rundt i landet er kartlagde, og ho finn at den psykiske helsa er langt dårlegare i denne gruppa enn i barnebefolkninga elles.

Psykologspesialist Judith van der Weele vil løfte fram sentrale spørsmål som kan bidra til å styrke kompetansen i barnevernet sitt arbeidet med familievaldssaker hos etniske minoritetar. Ho har veileda og samarbeider no med Hallingdal barnevern om arbeidsmåtar i desse sakene, og dei vil saman presentere arbeidet i ein av seksjonane.

Forskar Øivin Christiansen v/RKBV Vest har erfaring frå kommunalt barnevernsarbeid. Han har forska på ulike sider av barnevernet, mellom anna barn si medverknad i eiga sak. Han er opptatt av systematikk i utredningsarbeidet, noko han vil ta for seg i sitt foredrag. I fagseksjonen vil han legge fram ny forskning om hjelpetiltak.

Psykolog og forskar **Aud-Keila Bendiksen Kjær** har vurdert Øivind Kvello sin mal for utredningar i barnevernet. Ho konkluderer med at bruken av modellen og utredningsmalen kan gi ein kvalitetsheving av

arbeidet på saksnivå. Det vil også kunne utvikle barnevernet som organisasjon. Barnevernet sine vurderingar og beslutningar i saker som omhandlar vald og overgrep vil vere tema i fagseksjonen om henlegging av meldingar.

Bente Hasle er barnevernpedagog og arbeider ved Høgskulen i Volda. Ho vil presentere

temaet frå si doktorgradsavhandling om kvardagslivet i familiar der eit barn har ein psykisk vanske, ut i frå foreldra sitt perspektiv.

Egil Arne Standal har jobba som advokat i 20 år, mellom anna med barnevernsaker. Han er no høskulelektor ved Høgskulen i Volda og vil i sitt foredrag gjere seg betraktningar om forholdet

mellom beslutningar i barnevernet og jussen sine begrep "bevis" og "faktum".

Sosionom **Anita Sæther Jensen** har erfaring med akuttarbeid frå sitt arbeid i barneverntenesta i Kristiansund, Averøy og Gjemnes, og valde dette som tema for si masteroppgåve.

Praktiske opplysningar:

Pris:	Overnatting i enkeltrom kr 1375,- pr. døgn. Heile konferansen (2 døgn+lunsj siste dag) kr 3020,-. Opphaldsutgiftene betalast direkte til hotellet. Deltakarane dekker eigne reiseutgifter. Faktura må avtalast med hotellet på førehand.
Påmelding:	Bindande elektronisk påmelding: www.fylkesmannen.no/mr - kurs og konferansar. Alle skal velge eit fagtema (parallellseksjonar A-D).
Påmeldingsfrist:	31.08.15

Turar:

Geiranger byr på mange fine natur- og kulturopplevingar. Onsdag etter programslutt kl 1700, kan den som ønskjer gå tur i lag. Vi har sett opp tre alternative turar som varer frå ½ til 1 ½ time. Margrete H. Øyehaug, some er frå Geiranger, vil vere guide på tur 2, sjå lenke under "progam". Inga påmelding – berre møt opp!